



MØTEPROTOKOLL TENESTEUTVALET

Møtedato: 21.04.2026**Møtestad:** Omreise kl. 09:15-10:00,
Formannskapssalen 3. et., Bjørnafjorden
rådhus kl. 10:15-møteslutt**Møtetid:** 09:15 - 14:40**Behandla saker:** 16-23/2026

Møteleiar:	Parti:
Eirik André Hesthamar	FrP

Møtedeltakarar:	Parti:
Arve Samnøy	H
Cato Lyssand	V
Eirik André Hesthamar	FrP
Jakob Enerhaug	KrF
Jo Rune Ugulen Kristiansen	Ap
Kristine Hjartnes	FrP
Lisbeth Lunde Axelsen	H
Marianne Hjelle	FrP
Rolf Andre Inde Kjærstad	FrP

Forfall meldt frå følgjande medlemmer:	Parti:
Hege Aase Tysnes	Sp
Linda Bolstad Strønen	V

Følgjande varamedlemmer møtte:	Parti:
Cato Lyssand	V
Marianne Hjelle	FrP

Inhabil	Sak	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Eirik André Hesthamar,	21/2026	Marianne Hjelle, FrP	

Frå administrasjonen møtte:

Kommunalsjefane Monica Totland Melvold og Line Rye og møtesekretær Elisabeth Vinje Nydal.

Prosjektleiar Torgeir Sæter, barnehagesjef Irene Foer, rådgivar Karianne Moberg, prosjektleiar Martha Gindl, prosjektleiar Anne Berit Karlsen, rådgivar Anne-Lise Aaseng, leiar Guri Ljones, fagleiar Kari Wågsæther, prosjektleiar Maria Bjørdal, prosjektleiar Linda

Hevrøy, kommunepsykolog Hans Blytt, kultursjef Erik Vangsnes og rådgivar Grethe Byrkjeland

Møteprotokoll blir elektronisk godkjend i påfølgande møte.

Sakliste

Saksnr	Arkivsaksnr./Tittel
16/2026	26/3433 Godkjenning av innkalling, møteprotokoll og sakliste
17/2026	26/3433 Nytt frå administrasjonen
18/2026	26/3310 Foreldreundersøking barnehage
19/2026	26/3037 Tildelingskriteria og vedtakspraksis for helse- og velferdssektoren i Bjørnafjorden
20/2026	24/9101 Heilskapleg innsats- og bustadtrapp, oppdatering til politiske råd og utval
21/2026	26/1616 Fordeling av kulturmidlar 2026
22/2026	26/3433 Politisk kvarter
23/2026	25/25702 Kulturstipend 2026 Unntatt offentleg innsyn § 26 2. ledd 1. punktum

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det var ingen merknadar til innkallinga.
Protokoll frå 10.03.2026 blei godkjend.
Det var ingen merknadar til sakslista.

Behandling og vedtak i sak 16/2026, TENESTEUTVALET 21.04.2026

Behandling:

Møtet blei sett kl. 10:25.

Hege Aase Tysnes, Sp har meldt forfall til møte. Det har ikkje vore mogleg å skaffa vara i hennar stad. Plassen står tom i heile møte.
Det er 8 stemmeføre i salen.

Kristine Hjartnes, FrP var ikkje tilstades ved møtestart.
Det er 7 stemmeføre i salen.

Det var ingen merknader til innkallinga
Protokoll frå 10.03.2026 blei godkjent.

Merknader til saklista frå utvalsleiar Eirik Andre Hesthamar, FrP:

- Sak 22/2026 Politisk kvarter blir behandla rett etter lunsj

Saklista blei godkjent med merknader.

Vedtak:

Det var ingen merknadar til innkallinga.
Protokoll frå 10.03.2026 blei godkjend.
Saklista blei godkjent med merknad.

17/2026 - NYTT FRÅ ADMINISTRASJONEN

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utvalet tar saka til orientering.

Behandling og vedtak i sak 17/2026, TENESTEUTVALET 21.04.2026

Behandling:

Kristine Hjartnes, FrP ankom møtet kl. 10:27.
Det er 8 stemmeføre i salen.

Prosjektleiar Torgeir Sæter orienterte om bustadtrappa – bustadbygging

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Utvalet tar saka til orientering.

18/2026 - FORELDREUNDERSØKING BARNEHAGE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Tenesteutvalet tek saka til orientering

Behandling og vedtak i sak 18/2026, TENESTEUTVALET 21.04.2026

Behandling:

Barnehagesjef Irene Foer og rådgivar Karianne Moberg orienterte om foreldreundersøking barnehage, barnehageopptak og søknad av eksterne midler.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Møtet blei midlertidig heva kl.11:05

Vedtak:

Tenesteutvalet tek saka til orientering

19/2026 - TILDELINGSKRITERIA OG VEDTAKSPRAKSIS FOR HELSE- OG VELFERDSSEKTOREN I BJØRNAFJORDEN

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek tildelingskriteria for helse- og velferdssektoren i Bjørnafjorden kommune slik dei framkjem av vedlegg 1. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjera mindre endringar i tildelingskriteria som konsekvens av endringar i lov eller forskrift, eller å leggja til spørsmål og svar, sikra klarspråk og konsistent framstilling av tenester som liknar kvarandre når innhaldet skal ut på kommunen si heimeside og vedlikehaldast der.

Dersom framtidige politiske vedtak i relevante prosjekt i innsats- og bustadtrapp tilseier at kriteria treng vesentlege justeringar, skal dei kriteria dette gjeld opp til ny politisk behandling. Tenesteutvalet får mynde til å behandla desse.

Kommunestyret gjer vedtak om forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande buform for Bjørnafjorden kommune slik den framkjem av vedlegg 2.

Dersom framtidige politiske vedtak i relevante prosjekt i innsats- og bustadtrapp tilseier at forskrifta treng vesentlege justeringar, skal forskrifta opp til ny politisk behandling. Saka skal til kommunestyret.

Kommunestyret stiller seg bak vedtakspraksis og heilskaplege tenester, slik det er skildra i saka.

Tildelingskriteria og vedtakspraksis skal opp til politisk behandling kvart 4. år, så snart som råd etter kommuneval.

Med heimel i Helse- og omsorgstenestelova § 11-2 gjer kommunestyret vedtak om å innføra følgjande satsar for dei som er innvilga transport mellom og heim og VTA (varig tilrettelagt arbeidstilbod) eller mellom heim og dagsenter for personar med utviklingshemming:

- Dagsentertilbod/VTA 1 dag per veke: Kr 100 per måned
- Dagsentertilbod/VTA 2 dagar per veke: Kr 200 per måned
- Dagsentertilbod/VTA 3 dagar per veke: Kr 300 per måned
- Dagsentertilbod/VTA 4 dagar per veke: Kr 400 per måned
- Dagsentertilbod/VTA 5 dagar per veke: Kr 500 per måned

Betalingsatsane er gjeldande frå 1.8.2026 og inngår i kommunen sitt gebyrregulativ.

Prisvekstregulering vert vurdert årleg ved behandling av gebyrregulativet.

Behandling og vedtak i sak 19/2026, TENESTEUTVALET 21.04.2026

Framlegg til vedtak frå Jo Rune Ugulen Kristiansen, Arbeidarpartiet

Alternativt framlegg utan nye gebyr

Kommunestyret vedtek tildelingskriteria for helse- og velferdssektoren i Bjørnafjorden kommune slik dei framkjem av vedlegg 1.

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjera mindre endringar i tildelingskriteria som konsekvens av endringar i lov eller forskrift, eller å leggja til spørsmål og svar, sikra klarspråk og konsistent framstilling av tenester som liknar kvarandre når innhaldet skal ut på kommunen si heimeside og vedlikehaldast der.

Dersom framtidige politiske vedtak i relevante prosjekt i innsats- og bustadtrapp tilseier at kriteria treng vesentlege justeringar, skal dei kriteria dette gjeld opp til ny politisk behandling. Tenesteutvalet får mynde til å behandla desse.

Kommunestyret gjer vedtak om forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende buform for Bjørnafjorden kommune slik den framkjem av vedlegg 2.

Dersom framtidige politiske vedtak i relevante prosjekt i innsats- og bustadtrapp tilseier at forskrifta treng vesentlege justeringar, skal forskrifta opp til ny politisk behandling. Saka skal til kommunestyret.

Kommunestyret stiller seg bak vedtakspraksis og heilskaplege tenester, slik det er skildra i saka. Tildelingskriteria og vedtakspraksis skal opp til politisk behandling kvart 4. år, så snart som råd etter kommuneval.

Behandling:

Møtet blei sett att kl. 11:09

Rådgivar Anne-Lise Aaseng orienterte i saka.

Kommunalsjef Monica Totland Melvold, rådgivar Anne-Lise Aaseng, leiar Guri Ljones og fagleiar Kari Wågsæther svara på spørsmål frå utvalet.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei satt opp mot forslag til vedtak fremma av Jo Rune Ugulen Kristiansen, Ap

Forslag til vedtak fremma av Jo Rune Ugulen Kristiansen, Ap fekk 1 stemme (1Ap) og fall.

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak fekk 7 stemmer (3FrP, 2H, 1KrF, 1V) og blei vedtatt.

Møtet blei midlertidig heva for lunsj kl. 11:50

Vedtak:

Kommunestyret vedtek tildelingskriteria for helse- og velferdssektoren i Bjørnafjorden kommune slik dei framkjem av vedlegg 1. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjera mindre endringar i tildelingskriteria som konsekvens av endringar i lov eller forskrift, eller å leggja til spørsmål og svar, sikra klarspråk og konsistent framstilling av tenester som liknar kvarandre når innhaldet skal ut på kommunen si heimeside og vedlikehaldast der.

Dersom framtidige politiske vedtak i relevante prosjekt i innsats- og bustadtrapp tilseier at kriteria treng vesentlege justeringar, skal dei kriteria dette gjeld opp til ny politisk behandling. Tenesteutvalet får mynde til å behandla desse.

Kommunestyret gjer vedtak om forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande buform for Bjørnafjorden kommune slik den framkjem av vedlegg 2.

Dersom framtidige politiske vedtak i relevante prosjekt i innsats- og bustadtrapp tilseier at forskrifta treng vesentlege justeringar, skal forskrifta opp til ny politisk behandling. Saka skal til kommunestyret.

Kommunestyret stiller seg bak vedtakspraksis og heilskaplege tenester, slik det er skildra i saka.

Tildelingskriteria og vedtakspraksis skal opp til politisk behandling kvart 4. år, så snart som råd etter kommuneval.

Med heimel i Helse- og omsorgstenestelova § 11-2 gjer kommunestyret vedtak om å innføra følgjande satsar for dei som er innvilga transport mellom og heim og VTA (varig tilrettelagt arbeidstilbod) eller mellom heim og dagsenter for personar med utviklingshemming:

- Dagsentertilbod/VTA 1 dag per veke: Kr 100 per måned
- Dagsentertilbod/VTA 2 dagar per veke: Kr 200 per måned
- Dagsentertilbod/VTA 3 dagar per veke: Kr 300 per måned
- Dagsentertilbod/VTA 4 dagar per veke: Kr 400 per måned
- Dagsentertilbod/VTA 5 dagar per veke: Kr 500 per måned

Betalingssatsane er gjeldande frå 1.8.2026 og inngår i kommunen sitt gebyrregulativ. Prisvekstregulering vert vurdert årleg ved behandling av gebyrregulativet.

20/2026 - HEILSKAPLEG INNSATS- OG BUSTADTRAPP, OPPDATERING TIL POLITISKE RÅD OG UTVAL

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka blir tatt til orientering.

Behandling og vedtak i sak 20/2026, TENESTEUTVALET 21.04.2026

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 22/2026.

Rådgivar Martha Gindl og prosjektleiar Anne Berit Karlsen orienterte i saka.

Møtet blei midlertidig heva kl. 13:13
Møtet blei sett att kl. 13:18

Prosjektleiar Maria Bjørdal, prosjektleiar Linda Hevrøy og kommunepsykolog Hans Blytt orienterte i saka.

Votering:
Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Møtet blei midlertidig heva kl. 14:17

Vedtak:

Saka blir tatt til orientering.

21/2026 - FORDELING AV KULTURMIDLAR 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden kommune fordeler kulturmidlar til lag og organisasjonar på til saman kroner 605.000, slik for 2026:

Kategori: Idrett og friluftsliv

Arkivnr	Namn	Type	Tilskot 26
38	OS TAEKWON-DO KLUBB	Idrett	20000
7	OS SVØMMEKLUBB	Idrett	30000
8	FUSA KARATEKLUBB	Idrett	10000
15	FUSA HESTESPORTLAG	Idrett	5000
36	OS SEILFORENING	Idrett	5000
13	OS TURNFORENING	Idrett	70000
40	OS KOBUDOKAN KARATEKLUBB	Idrett	20000
33	OS BILJARD OG SNOOKERKLUBB	Idrett	10000
47	OS SPORTSSKYTTARLAG	Idrett	5000
48	OS SKYTTARLAG	Idrett	10000
19	OS SWINGKLUBB	Idrett	5000
37	OS AERO KLUBB	Idrett	10000
43	BJØRNEFJORDEN GOLFKLUBB	Idrett	20000
26	SØRE NESET IDRETTSLAG	Idrett	40000
22	OS ROKLUBB	Idrett	10000
41	ÅDLANDSFJORDEN IDRETTSLAG	Idrett	10000
45	STRANDVIK IDRETTSLAG	Idrett	10000
51	FUSA PETANQUEKLUBB	Idrett	10000
32	EIKELANDSFJORDEN IDRETTSLAG	Idrett	30000
39	NORE NESET IDRETTSLAG	Idrett	50000
46	LYSEKLOSTER IDRETTSLAG	Idrett	20000
44	IL ØYGLIMT	Idrett	20000
49	IL VENJAR	Idrett	5000
50	SØFTELAND TURN & IDRETTSLAG	Idrett	30000
SUM			455000

Kategori: Generelt

Arkivnr	Namn	Type	Tilskot 26
1	OS JUNIORBRIDGEKLUBB	Generell	10000
5	NFU BJØRNAFJORDEN LOKALLAG	Generell	5000
6	FOLKEAKADEMIET BJØRNAFJORDEN	Generell	10000
2	NESJAHEIMLAGET	Generell	5000
42	OS SOGELAG	Generell	5000
25	SØRE NESET UNGDOMSLAG	Generell	30000
3	NORE NESET SANITETSFORENING	Generell	5000
11	VENELAGET FOR KULTURBEDEHUSET FREDH	Generell	5000
17	HOLMEFJORD OG BOGØY SANITETSFOREN	Generell	5000
27	NVIO BJØRNAFJORDEN	Generell	5000
29	STRANDVIK FILMKLUBB	Generell	5000
34	FUSA BYGDALAG	Generell	5000
46	LYSEFJORDEN UNGDOMSLAG	Generell	10000
16	OS SOKN	Generell	0
SUM			105000

Kategori: Kunst

Arkivnr	Namn	Type	Tilskot 26
9	FUSA SENIORDANSLAG	Kunst	5000
10	LYSEKORET	Kunst	5000
24	OS SENIORDANS	Kunst	5000
20	EIKELANDSFJORDEN MUSIKKLAG	Kunst	5000
18	OS MUSIKKFORENING	Kunst	5000
35	EIKELANDSOSEN SKULEMUSIKKLAG	Kunst	5000
21	OS SKULEKORPS	Kunst	10000
23	SØRE NESET MUSIKKLAG	Kunst	5000
30	BERGEN DANSEKLUBB	Kunst	0
SUM			45000

Løyvinga på til saman kr 605.000,- vert gjort slik 45.000 kroner frå kt 1.4730.440.37700, 455.000 kr frå kt 1.4730.440.23100 og 105.000 kroner frå kt.1.4730.440.38500.

Forvaltningslova gjev sækjarar som har fått avslag på søknad rett til å klage over det vedtaket som er gjort, sjå Forvaltningslova § 27 tredje ledd og § 28 andre ledd. Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette svarbrevet er motteke.

Behandling og vedtak i sak 21/2026, TENESTEUTVALET 21.04.2026

Behandling:

Møtet blei sett att kl. 14:25

Lisbeth Axelsen, H overtok møteleiinga under habilitetsvurderinga til Eirik Andre Hesthamar, FrP

Eirik Andre Hesthamar, FrP ba Tenesteutvalet om å vurdere hans habilitet i saka. Bakgrunn: Representanten er dagleg leiar i Nore Neset IL.

Eirik Andre Hesthamar, FrP forlot møte og Marianne Hjelle, FrP var med under habilitetsvurderinga.

Tenesteutvalet erklærte Eirik Andre Hesthamar, FrP einstemmig inhabil i saka, jf kommunelova § 11-10 og Forvaltningslova § 6-1
Marianne Hjelle, FrP var med under behandlinga av saka.

Lisbeth Axelsen, H var møteleiar under behandlinga av saka.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt

Etter behandlinga av saka forlot Marianne Hjelle, FrP møtet og Eirik Andre Hesthamar, FrP kom tilbake i møtet.

Eirik Andre Hesthamar overtok møteleiinga igjen kl. 14:28.

Vedtak:

Bjørnafjorden kommune fordeler kulturmidlar til lag og organisasjonar på til saman kroner 605.000, slik for 2026:

Kategori: Idrett og friluftsliv

Arkivnr	Namn	Type	Tilskot 26
38	OS TAEKWON-DO KLUBB	Idrett	20000
7	OS SVØMMEKLUBB	Idrett	30000
8	FUSA KARATEKLUBB	Idrett	10000
15	FUSA HESTESPORTLAG	Idrett	5000
36	OS SEILFORENING	Idrett	5000
13	OS TURNFORENING	Idrett	70000
40	OS KOBUDOKAN KARATEKLUBB	Idrett	20000
33	OS BILJARD OG SNOOKERKLUBB	Idrett	10000
47	OS SPORTSSKYTTARLAG	Idrett	5000
48	OS SKYTTARLAG	Idrett	10000
19	OS SWINGKLUBB	Idrett	5000
37	OS AERO KLUBB	Idrett	10000
43	BJØRNEFJORDEN GOLFKLUBB	Idrett	20000
26	SØRE NESET IDRETTSLAG	Idrett	40000
22	OS ROKLUBB	Idrett	10000
41	ÅDLANDSFJORDEN IDRETTSLAG	Idrett	10000
45	STRANDVIK IDRETTSLAG	Idrett	10000
51	FUSA PETANQUEKLUBB	Idrett	10000
32	EIKELANDSFJORDEN IDRETTSLAG	Idrett	30000
39	NORE NESET IDRETTSLAG	Idrett	50000
46	LYSEKLOSTER IDRETTSLAG	Idrett	20000
44	IL ØYGLIMT	Idrett	20000
49	IL VENJAR	Idrett	5000
50	SØFTELAND TURN & IDRETTSLAG	Idrett	30000
SUM			455000

Kategori: Generelt

Arkivnr	Namn	Type	Tilskot 26
1	OS JUNIORBRIDGEKLUBB	Generell	10000
5	NFU BJØRNAFJORDEN LOKALLAG	Generell	5000
6	FOLKEAKADEMIET BJØRNAFJORDEN	Generell	10000
2	NESJAHEIMLAGET	Generell	5000
42	OS SOGELAG	Generell	5000
25	SØRE NESET UNGDOMSLAG	Generell	30000
3	NORE NESET SANITETSFORENING	Generell	5000
11	VENELAGET FOR KULTURBEDEHUSET FREDH	Generell	5000
17	HOLMEFJORD OG BOGØY SANITETSFOREN	Generell	5000
27	NVIO BJØRNAFJORDEN	Generell	5000
29	STRANDVIK FILMKLUBB	Generell	5000
34	FUSA BYGDALAG	Generell	5000
46	LYSEFJORDEN UNGDOMSLAG	Generell	10000
16	OS SOKN	Generell	0
SUM			105000

Kategori: Kunst

Arkivnr	Namn	Type	Tilskot 26
9	FUSA SENIORDANSLAG	Kunst	5000
10	LYSEKORET	Kunst	5000
24	OS SENIORDANS	Kunst	5000
20	EIKELANDSFJORDEN MUSIKKLAG	Kunst	5000
18	OS MUSIKKFORENING	Kunst	5000
35	EIKELANDSOSEN SKULEMUSIKKLAG	Kunst	5000
21	OS SKULEKORPS	Kunst	10000
23	SØRE NESET MUSIKKLAG	Kunst	5000
30	BERGEN DANSEKLUBB	Kunst	0
SUM			45000

Løyvinga på til saman kr 605.000,- vert gjort slik 45.000 kroner frå kt 1.4730.440.37700, 455.000 kr frå kt 1.4730.440.23100 og 105.000 kroner frå kt.1.4730.440.38500.

Forvaltningslova gjev sækjarar som har fått avslag på søknad rett til å klage over det vedtaket som er gjort, sjå Forvaltningslova § 27 tredje ledd og § 28 andre ledd. Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette svarbrevet er motteke.

22/2026 - POLITISK KVARTER

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ingen vedtak i saka.

Behandling og vedtak i sak 22/2026, TENESTEUTVALET 21.04.2026

Framlegg til vedtak frå Jo Rune Ugulen Kristiansen, Arbeidarpartiet

Aktiviteten på Bergstø gård - informasjon til Tenesteutvalet

Kan tenesteutvalet få utfyllande informasjon om aktiviteten retta mot barn og unge på Bergstø gard i regi av organisasjonen Ungdom i aktivitet, og kva kommunen bidreg med av støtte ut over utleige/utlån av eigedommen på Bergstø? Det kunne også ved eit seinare høve vore fint om Tenesteutvalet kunne fått organisert eit besøk på Bergstø.

Behandling:

Møtet blei sett att kl. 12:25

Saka blei behandla etter sak 19/2026

Jo Rune Ugulen Kristiansen, Ap fremførte sitt spørsmål til politiske kvarter om "Aktiviteten på Bergstø gård - informasjon til Tenesteutvalet"

Kommunalsjef Line Rye svara på spørsmålet:

UiA må sjølv gi utfyllande informasjon om sin aktivitet. Dei har oppgitt nokre tal i sin søknad om utvida leige på Bergstø Gard. Når det gjeld tala for aktivitet for ungdom i skuletida har vi dialog om desse tala som må avklarast nærmare.

Tilbakemeldinga frå UiA er at fleire av ungdommane er avslutta, nokre har "bare vore innom", fleire er elevar i vgs alder, nokre elevar er frå andre kommunar.

Bergstø Gard er ein flott lokasjon og det er høgt aktivitetsnivå: Døme på aktivitet for barn og unge er at mange arbeider med rutinar på garden på ettermiddag og helg + dei har etter skulen-tilbod ("SFO") + opnan gard og andre aktivitetar.

Oppvekstsektoren og UIA har inngått samarbeidsavtale i mars 2026 (etter å ha samarbeida gjennom intensjonsavtale i 2024 og 2025):

Det er UIA som er fagleg ansvarleg for sitt arbeid.

Avtalen har to punkt:

- Samarbeid på overordna nivå. Dette er på systemnivå mellom leiinga på Oppvekst og UIA.
- Samarbeid om oppfølging av ungdom. For ungdom i skuletid og i ungdomsskulealder skal UIA ta kontakt med kommunen ved skulesjef. Ved oppfølging av elevar i ungdomsskulealder er det lagt opp til eige prosedyre og flytskjema for samarbeid med ungdomsskulane.

Ein elev har per i dag alternativ opplæringsarena på Bergstø Gard. Når alternativ opplæringsarena blir nytta er det personale frå skulen med.

Vedtak:

Ingen vedtak i saka.
